

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29, Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: BKa Arkiv: Sakshandsamar: Dato:
B. Kapstad 25.02.2015

HØYRINGSSVAR FRÅ SUNNFJORD ENERGI AS – SMÅKRAFTPAKKE FØRDE/ASKVOLL/NAUSTDAL

Sunnfjord Energi Nett syner til 12 kraftverk som er på høyring i Førde/Askvoll/Naustdal.

Summen av desse kraftverka og andre kraftverk i området kan også utløyse
transformeringstiltak i regionalnettet.

Nettsituasjonen for kraftverka på sørsida av Førdefjorden: Det er ikkje nettkapasitet til nye
kraftverk i dette området.

Eit eller fleire av kraftverka Hundsåna (3,9 MW), Hellevang (2,2 MW), Marka (3,7 MW),
Torvik (3,6 MW) og Ervikselva (5,49 MW) vil utløyse store nettførsterkingar.

Samla sett utgjer desse ein installert effekt på omlag 15 MW (Torvik og Ervikselva er
konkurrerende prosjekt). To kraftverk produserer inn på dette nettet i dag, Heilevang Energi
(0,2 MW) og Kråkenes (1,8 MW). Grunna krav til leveringskvalitet, lyt ein pårekne 22 kV
line med grove dimensjonar. Kostnadane ved slike løysingar er erfaringsmessig om lag 2
mill/km. Avstanden til Førde er om lag 23 km. I tillegg må det gjerast omfattande
kabelførsterkingar i ein avstand på om lag 5 km.

Totalkostnadane for å knyte til kraftverk på sørsida av Førdefjorden vert då berekna til om lag
58,5 millionar kroner.

Nettsituasjonen for kraftverka i Angedalen i Førde: Det er ikkje kapasitet til å knyte til så
store kraftverk som Vassbrekka (5 MW) og Anga Kraftverk (5 MW).

Tre kraftverk produserer inn på dette nettet i dag: Fura Kraft (1,25 MW), Grøvla (3 MW) og
Botnabakken (0,2 MW). Vassbrekka kraftverk ligg innerst inne i Angedalen og vil løyse ut
nettførsterkingar heilt fram til Tefre, ein avstand på om lag 12,5 km- og dermed ein kostnad
på om lag 20 millionar kroner. Anga Kraftverk ligg nært eit sterkt punkt og tilknytning av dette
vil medføre relativt små nettførsterkingar.

Nettsituasjon for Stølselva Kraft: Det er ledig kapasitet i lokalt nett for tilknytning av Stølselva
kraftverk. Grunna nye kraftverk i Holsen-området, vil det verte trong for utskifting av trafo i
Stakaldefossen.



Nettsituasjonen for Fossevik Kraftverk: Det er ikkje ledig kapasitet i området.

Dersom dette skal knytast til Sunnfjord Energi sitt nett, må det truleg leggst sjøkabel frå kraftverket til Otterstein, kabel igjennom Dalsfjordbrua og forsterke/bygge nytt nett vidare mot Hålandsfossen.

Hovudregelen er at nettet mellom kraftverket og eksisterande nett blir bygd under Sunnfjord Energi sin områdekonsesjon. Grensesnitt vert avtala individuelt i kvart enkelt tilfelle i tilknytingsavtalar.

Det er fortsatt tilknytingsstogg i området grunna Statnett sitt prosjekt med 420 kV linje mellom Sogndal og Ørskog. Når konsesjon eventuelt er gitt, må dei ulike kraftverks-prosjekta ta kontakt med Sunnfjord Energi for vidare dialog i høve framdrift, anleggstilskot, innmatingstariffar og anna. Kostnadane med nettforsterkingar vert ei fordeling mellom produsentar og Sunnfjord Energi etter fordelingsnøkkel.

Mvh Sunnfjord Energi Nett



Bjarte Kapstad
-siv.ing-